

Utval: Samferdselsutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etg., Fylkeshuset
Dato: 18.03.2015
Tidspunkt: 11:00-16:45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Einar Lutro	Medlem	H
Gustav Bahun	Leiar	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Helge Nævdal	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Wenke Tislevoll	Eli Årdal Berland	H
Christer Lilleskare Olsen	Iiril Schau Johansen	H

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
Målfrid Vik Sønstabø	Fung. dir Skyss
Olav Finne	SVV
Kaisa Banne	SVV
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 30/15	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 31/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 32/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 20/15	Tilskuddsmidler for økt tilgjengelighet til kollektivtransporten kommuner og fylkeskommuner - avvikles fra 2015	2014/43	
RS 21/15	Fremje av lågutsleppskøyretøy i drosjenæringa	2015/2515	
RS 22/15	AU for Kontaktutval Hordfast - Referat 17. februar	2014/15115	
RS 23/15	Dekkeprogram 2015	2015/2400	
RS 24/15	Trafikktryggleik for born i Ringheimsvegen på Voss - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet	2014/23786	
RS 25/15	Vegavgift på naturgass. Økonomiske fylgjer for bussdrifta i Hordaland.	2015/2075	
RS 26/15	Fv 209 Storskaret - Arefjord - status - korrigerering	2015/120	
RS 27/15	Ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy	2015/85	
RS 28/15	Nye driftskontraktar for fylkesvegane i Hordaland	2015/85	
RS 29/15	Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følgje av endring i reisemønster	2015/2972	
RS 30/15	Betre kollektivtransport og mindre bilbruk i Bergensområdet 2011 - 2014 - Sluttrapport	2014/10571	
RS 31/15	Habilitet i samband med høyringar - svar på spørsmål frå Einar Lutro	2015/2380	
RS 32/15	Vurdering av namn på busstoppet Nyhavnsveien / Gamle Bergen - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet	2014/23510	
RS 33/15	Driftsproblem på Bybana	2015/85	
RS 34/15	Trafikkvekst på Flesland flyplass	2015/2400	
RS 35/15	Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-15 - Melding til samferdselsutvalet - A jour 26.02.2015	2014/1017	
RS 36/15	Standardisering og samordning av fylkeskommunale innkjøp av kollektivtransporttjenester.	2015/85	
RS 37/15	Vurdering av fartsdempande tiltak i Arefjordsvegen i Fjell kommune - Svar på oversendingsforslag	2014/23788	
RS 38/15	Farleg last på ferje - Svar på oversendingsforslag	2015/2400	
RS 39/15	Forvaltningsrevisjonen. Drift og vedlikehald av fylkesvegar.	2015/85	
RS 40/15	Ny standard for folkehelsearbeidet i Norden,- Trondheimserklæringa	2015/606	
RS 41/15	Kollektivtilbodet i Sædalen - Svar på oversendingsforslag	2015/2400	
PS 33/15	Kollektivmeldinga 2014	2015/1714	
PS 34/15	Innføring av drosjereglement for Stord kommune	2014/20190	
PS 35/15	Fråsegn til offentlig ettersyn av område- og detaljreguleringar for Moldegård og Bjånes - Os kommune	2014/24199	
PS 36/15	Omklassifisering av E 39 Vågsbotn - Nordre Brurås til fylkesveg	2014/11976	
PS 37/15	Ymse		

PS 30/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

Fleire representantar tok til orde for at fleire av dei meldingane som ligg fører bør endra status til saker då dei inneheld viktige politiske tema. Utvalet vil koma attende til dette ved handsaming av meldingssakene.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 31/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

Vedtak

Møteboka frå forrige møte vart godkjent.

PS 32/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

Kommentarar til meldingane.

23/15 **Pål Kårbø** meinte at det var lite reasfaltering i Nordhordland. Drog særleg fram vegen mellom Seim og Lygra som veldig dårleg. Sette fram fylgjande protokollmerknad.

«Seim-Lygra vert vurdert.»

23/15 **Jostein Ljones** etterlyste tiltak på Fv130 Øystese sentrum.

27/15 **Pål Kårbø** etterlyste sak slik samferdselsutvalet vedtok, og ikkje melding som er lagt fram.

Tom Skauge sette fram forslag om at meldingane 28/15 og 36/15 vert lagt fram som sak.

Røysting om meldingane skal leggjast fram som sak.

Melding 28 fekk 7 røyster (A, SP, SV, V) og fall. Vert ikkje å leggja fram som sak.
Melding 36 vart samrøystes vedteke å leggja fram som sak.

38/15 **Atle Kvåle** tok opp at ein bør stilla krav til ferjer om brannsløkkingsutstyr slik at ein i større grad kan ta med bilar med farleg last. Vilde fylgja opp denne saka.

25/15 **Stein Inge Ryssdal** ba om at utvalet får tilbakemelding når Staten har teke avgjerd i fylkeskommunen sin førespurnad om å få dekkja meirkostnadane ved avgift på naturrgass.

31/15 **Stein Inge Ryssdal** stilte spørsmål til habilitet for medlemmer som sit i styret for eit selskap som vert påverka av val av aust- vest samband.

Håkon Rasmussen orienterte om administrasjonen sin konklusjon i saka. Melding om dette til neste møte i utvalet.

RS 20/15 Tilskuddsmidler for økt tilgjengelighet til kollektivtransporten kommuner og fylkeskommuner - avvikles fra 2015

RS 21/15 Fremje av lågutsleppskøyretøy i drosjenæringa

RS 22/15 AU for Kontaktutval Hordfast - Referat 17. februar

RS 23/15 Dekkeprogram 2015

RS 24/15 Trafikktryggleik for born i Ringheimsvegen på Voss - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet

RS 25/15 Vegavgift på naturgass. Økonomiske fylgjer for bussdrifta i Hordaland.

RS 26/15 Fv 209 Storskaret - Arefjord - status - korrigerering

RS 27/15 Ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy

RS 28/15 Nye driftskontraktar for fylkesvegane i Hordaland

RS 29/15 Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følgje av endring i reisemønster

RS 30/15 Betre kollektivtransport og mindre bilbruk i Bergensområdet 2011 - 2014 - Sluttrapport

RS 31/15 Habilitet i samband med høyringar - svar på spørsmål frå Einar Lutro

RS 32/15 Vurdering av namn på busstoppet Nyhavnsveien / Gamle Bergen - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet

RS 33/15 Driftsproblem på Bybana

RS 34/15 Trafikkvekst på Flesland flyplass

RS 35/15 Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-15 - Melding til samferdselsutvalet - A jour 26.02.2015

RS 36/15 Standardisering og samordning av fylkeskommunale innkjøp av kollektivtransporttjenester.

RS 37/15 Vurdering av fartsdempende tiltak i Arefjordsvegen i Fjell kommune - Svar på oversendingsforslag

RS 38/15 Farleg last på ferje - Svar på oversendingsforslag

RS 39/15 Forvaltningsrevisjonen. Drift og vedlikehald av fylkesvegar.

RS 40/15 Ny standard for folkehelsearbeidet i Norden,- Trondheimserklæringa

RS 41/15 Kollektivtilbodet i Sædalen - Svar på oversendingsforslag

PS 33/15 Kollektivmeldinga 2014

Kollektivmeldinga 2014 er skriva som ei årsmelding, og inneheld eit oversyn over drifta og dei viktigaste hendingane innan kollektivfeltet i Hordaland i 2014.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2014 til orientering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

Tom Skauge sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til nye pkt i innstillinga.

- a) Fylkeskommunen må bruke alle anledningar mot planmyndigheit i Bergen for å sikre at bussen slepp fram med kollektivfelt.
- b) HfK skal ikkje delta i utgreiing av T-bana mellom Sentrum og Åsane som alternativ til Bybane.
- c) Rapporten om «Betre kollektivtransport og mindre bilbruk i Bergensområdet» viser at HfK og Bergen kommune ikkje har nådd eit av hovudmåla for trafikkutvikling i Bergen – samla nedgang i trafikk i bomringen. Dette er svært uheldig. SAMU ber om at det blir lagt til rette for at desse måla blir nådd i neste periode.
- d) SAMU ber om at det vert etablert sanntidsmåling av kø for kollektivtrafikken som ligg på nettet og som kan brukast for å berekne tids- og driftstap for busstilbodet.
- e) SAMU ber om sak der mogeleg parallell utbygging av bybane til Fyllingsdalen og Åsane vert førebudd.

Tom Skauge sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til fylgjande oversendingsforslag som vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

SAMU ber administrasjonen anmode Bergen kommune fremje sak om Gangbyen Bergen for å sikre best mogeleg kobling mellom sikre og raske gangareal og gode kollektivtilbod.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt a) vart vedteke med 8 røyster (A, SV, SP, KRF, V).

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt b) - e) fekk 7 røyster (A, SV, SP, KRF) og fall.

Innstilling

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2014 til orientering.
2. Fylkeskommunen må bruke alle anledningar mot planmyndigheit i Bergen for å sikre at bussen slepp fram med kollektivfelt.

Oversendingsforslag frå Tom Skauge.

SAMU ber administrasjonen anmode Bergen kommune fremje sak om Gangbyen Bergen for å sikre best mogeleg kobling mellom sikre og raske gangareal og gode kollektivtilbod.

PS 34/15 Innføring av drosjereglement for Stord kommune

Forslag til vedtak

Samferdselsutvalet tar saka til etterretning og godkjenner drosjereglement for Stord køyreområde slik det ligg føre i saka.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Samferdselsutvalet tar saka til etterretning og godkjenner drosjereglement for Stord køyreområde slik det ligg føre i saka.

PS 35/15 Fråsegn til offentleg ettersyn av område- og detaljreguleringar for Moldegård og Bjånes - Os kommune

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeida i planforslaga korleis utbygginga på Bjånes kan legge til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.
2. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til at det vert opna for utbygging på Bjånes før det vert etablert gang- og sykkelveg langs Hatvikvegen, frå Hegglandsdalskrysset fram til Bjåneskrysset (vest).
3. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnera same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarvegar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.
4. Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vært utgreia i områdereguleringsplanen. Nærserveret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.
5. Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærare på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.
6. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn på grunn av manglande omsyn til barn- og unge og folkehelse. Leikeplassar og uteopphaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med kommunen sine overordna krav.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

Pål Kårbø stilte spørsmål til Gustav Bahun sin habilitet som medlem av Os kommunestyre der denne saka har vore handsama.

Gustav Bahun gjekk frå møte når spørsmålet om habilitet vart drøfta. Alf Helge Greaker tok over leiarvervet.

Utvalet fann samrøystes at Gustav Bahun er habil.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 3, 4, 5 og 2. setning i pkt 6 vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 fekk 7 røyster (A, SV, SP, KRF) og fall. Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6, 1. setning fekk 7 røyster (A, SV, SP, KRF) og fall

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeida i planforslaga korleis utbygginga på Bjånes kan legge til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.

2. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnera same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarvegar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.
3. Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vært utgreia i områdereguleringsplanen. Nærsenteret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.
4. Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærare på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.
5. Leikeplassar og uteopphaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med kommunen sine overordna krav.

PS 36/15 Omklassifisering av E 39 Vågsbotn - Nordre Brurås til fylkesveg

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at gamlevegen E 39 Vågsbotn-Nordre Brurås vert omklassifisert til fylkesveg.
Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek at gamlevegen E 39 Vågsbotn-Nordre Brurås vert omklassifisert til fylkesveg.

PS 37/15 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

ORIENTERINGAR

Lars Christian Stendal frå Jernbaneverket orienterte om status for arbeidet med Logistikknutepunkt Bergen, KVU Arna-Voss og Ringeriksbanane.

NHO Transport Hordaland v/styreleiar Ronny Paulsen orienterte om den nyoppretta interesseorganisasjonen for kollektivselskapa i Hordaland. Organisasjonen ynskjer å vera ein aktiv medspelar i arbeidet for å auka talet på reisande i fylket og å leggja til rette for effektive og rasjonelle ruteopplegg.

Statens vegvesen v/Rune Skår orienterte om overordna prinsipp for driftskontraktane og trekt fram ein del tema som er spesielle for ny driftskontrakt i Stor-Bergen.

Nytt frå Skyss v/Målfrid Vik Sønstabø.

Følgjande tema vart teke opp:

- Endring av ferjetilbodet i Hardanger. Skyss vil gå i dialog med Ullensvang herad og brukarane for å finna tenlege løysingar for lokalsambandet Kinsarvik-Utne. Kjem attende til utvalet med melding når endeleg ruteopplegg ligg føre.
- Orientering om status for Min side/Webtick.
- Orientering om dialogen med operatørane gjennom nyopprette Dialogforum buss Hordaland og Strategiforum for operatørane.
- Status reklameprosjektet.

Gard Johansen frå Ungdommens fylkesutval delte ut planprogram for 2015.

YMSE

Alf Helge Greaker sette fram fylgjande oversendingar

Forlenga rute (Bergenveien - Fjøsanger)

Samferdselsutvalet ber Skyss vurdere å forlengje linje 15 frå Bergveien til Fjøsangervegen/Fjøsangerkrysset. Ei vurdering bør belyse kostnadane ved ekspropriering, utbygging av ny snu- og haldeplass og at byggesaka har tatt lang tid, samanlikna med ei kostnadane for ei forlenga ruteproduksjon. Utviding av bybanen vestover frå Minde vil og påverke kollektivstrukturen og behov for ny infrastruktur.

Justering av bussruter i Bergen sentrum

Bergen bystyre har i sak 43/15 vedteke: «Bystyret ber byrådet ta kontakt med Hordaland fylkeskommune med sikte på å opprette en sentrumsrute som dekker de aktuelle områdene. Denne ruten skal være en del av det ordinære rutetilbudet».

Enkeltrepresentantar i utvalet har tidlegare drøfta omleggingar av sentrumsnære busslinjer, men Skyss har signalisert at ein burde avvente til mellom anna det nye høgskulebygget på Kronstad, nye næringsbygg i Solheimsviken og kryssutbedring på Engen, var ferdige. Det er dei no.

Samferdselsutvalet ber Skyss og fylkesrådmann om å få ein status for vedtaket i Bergen bystyre. Samstundes ber ein på ny å vurdere justeringar av sentrumsnære ruter, som til dømes linje 13 og 11, for mellom anna å kunne gje Engen og Møhlenpris, kollektivdekning igjen.

Alf Helge Greaker stilte fylgjande spørsmål

Haldeplass for Heiane Vest

På Heiane Vest (Stord) har fleire større verksemder etablert seg på næringsareala langs E39, og området er i fortsatt utvikling. Per i dag er det ingen busstopp mellom Digernes og Heiane Nord/Sør, kor avstanden mellom sistnemnde og Heiane Vest er over 20 minutters gange (1,6-1,9 km). Dette er utanfor det som er rekna som god tilgong til kollektivtilbod. Erfaringa med andre tilpassa arbeidsruter er god, men det forutsett godt lokaliserte haldeplassar. Det er alt ein undergang under E39, frå austsida.

Har fylkeskommunen fått nokon henvendelse frå Stord kommune i denne saka? Kan fylket gå i dialog med vegeigar, Skyss, Stord kommune og andre relevante partar for å etablere haldeplass ved Heiane Vest?

Stein Inge Ryssdal tok opp departementet sitt brev om etablering av nye bompengeregionar og stilte spørsmål om korleis ein legg opp handsaminga av spørsmåla i brevet.

Brevet vart oversendt til utvalet sine medlemmer.

Einar Lutro etterlyste sak om korleis eit grendalag skal gå fram for å få veglys. Synte til at det er lenge sidan dette spørsmålet vart stilt.

Einar Lutro synte til at elbilar i kollektivfelt skapar problem for kollektivtrafikken. Viste til brev frå dept som vert lagt fram som melding på neste møte. Tok til orde for at ein bør vurdere tiltak som premiering av samkøyring ved gjennom bomringen. Ba om å få ei oppsummering av samkøyringsprosjektet.

Einar Lutro tok opp brøytekapasiteten på Hardangervidda. Peika på at det er for dårleg fresekapasitet. Stilte spørsmål om auka fresekapasitet kan det leggjast inn i dagens kontrakt eller om det må venta til neste kontrakt.

Olav Finne opplyste at det er mogleg å etterbestilla kapasitetar i avtalane, men dette vil som regel ha ein høg kostnad.

Tom Skauge stilte fylgjande spørsmål.

1. Ny open utgreiing om kollektivtilbodet til Åsane?

Byrådet i Bergen har invitert Bystyret til ei opa utgreiing om kollektivtilbodet til Åsane. Ettersom Bybane til Åsane har vore eit av Fylkeskommunens viktigaste samferdselspolitiske initiativ i perioden, er det viktig å få høve til å politisk drøfta om initiativet endrar føresetnadane for HfK si innstilling i saka.

- a) Blir T-bane nå utgreidd som et alternativ til bybane til Åsane?
- b) Er det rett slik NRK Hordaland meldte 25. februar at HfK er saman med Bergen kommune om ei utgreiing der T-bane blir vurdert?

Håkon Rasmussen gav fylgjande svar på spørsmålet.

Byrådet i Bergen handsama sak om Bybanen frå sentrum til Åsane 27. november 2014 (sak 1443-14) og gjorde slikt vedtak:

Reguleringsarbeid for bybane på strekningen Sentrum – Åsane, jamfør plan- og bygningslovens § 12, stilles i bero.

Det foretas en vurdering av konsepter for løsning av kollektivtilbudet på strekningen, som vil kunne betjene bydelen på best mulig måte på kort og lang sikt. I arbeidet skal det avklares hvordan alternative løsninger vil kunne ha innvirkning på valg av trase for videre baneløsning mot Åsane.

I same møte vart forslag til planprogram for Bybanen til Fyllingsdalen via Haukeland universitetssjukehus og Mindemyren (sak 1441-14) lagt ut på høyring. Fylkesutvalet handsama planprogrammet i møte 29. januar 2015 (PS 21/2015), og støtta oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Bergen kommune teke initiativ til utarbeiding av ein konsulentrapport basert på byrådet sitt vedtak. Rapporten skal stå ferdig til mai 2015 og skal vurdere ulike løysingar for kollektivtilbodet på strekninga Bergen sentrum – Åsane. Arbeidet vil ha tre delar:

1. **Bybanen i Bergen.** Denne delen vil ta for seg kva omgrepet «bybane» dekkjer, gi ein gjennomgang av Bybanen si rolle i Bergen, kva slags funksjon bybanenettet var tiltenkt i 2009 (jf. *Rapport om framtidig bybanenett i Bergensområdet*), og presentere erfaringar med drift frå 2010 til 2015.
2. **Dagens situasjon i nordkorridoren.** Denne fasen vil gi ein oversikt over dagens situasjon i nordkorridoren, og samanlikne den med dei føresetnader som låg til grunn i bybanenetttr rapporten. Det vil bli nytta erfaringstal (trafikk- og passasjerstal) til å drøfte om biletet har endra seg vesentleg, i tillegg til at det vert utarbeidd ei kartlegging av potensiale og passasjerprognose.
3. **Alternative konsept.** Denne delen vil gi ei samla framstilling og samanlikning av forskjellige konsept for kollektivtrafikk

Når det gjeld punkt 3, så er føremålet ikkje å velje ut den optimale modellen, men i staden synleggjere fordelar, ulemper, moglegheiter og utfordringar knytt til forskjellige teknologiar og konsept. Føremålet er heller ikkje å føre ein detaljert diskusjon om traseval, samstundes som det er ei målsetting å avklare korleis alternative løysingar vil kunne verke inn på val av trase for vidare baneløysing mot Åsane.

Aktuelle konsept som vil bli diskutert er:

- Bybanen som i dag
- Bybanen som ekspress (færre haldeplassar og høgare hastigheit)
- T-bane
- Jernbane
- BRT (Bus Rapid Transit)/ busway

Alle konsept som er nemnt over vil bli vurdert i samband med ulike gradar busskøyring i same korridor.

2. Korrekte tal for bilbruk, kollektiv-, gang- og sykkel i Bergen.

Statens vegvesen, saman med Jernbaneverket, Kystverket og Avinor leverte i slutten av februar ein strategirapport til samferdselsministeren om "Utfordringer for framtidens transportsystem" .

Rapporten har fleire framstillingar og forslag som er viktig for HfK.

a) Faktaopplysninger om bilbruk, kollektiv-, gang- og sykkel i Bergen er svært nedslående og i noko grad i strid med tal SAMU tidlegare har fått frå tidlegare reisemiddel utgreiingar. Kva tal er rett?

b) Kva meiner administrasjonen om det overraskande framlegget om køprising på kollektivtilbodet?

Håkon Rasmussen opplyste om at det vert utført nasjonale reisevaneundersøkingar med mindre utval enn dei lokale undersøkingane. Våre tal har betre grunnlag enn dei nasjonale og det er difor grunn til å tru at våre tale er dei mest korrekte.

3. Direktebuss Bergen – Sotra, Bergen-Kleppestø, Bergen-Sund.

Reisetid til Askøy, Sotra og Øygarden er for lang i rushtida.

Kan det vera aktuelt å ha direktebussar i rushtet til Sotra, Sund og Askøy som køyrer via Nygårdstunnelen?

Målfrid Vik Sønstabø opplyste om at ein har planlagt å sjå nærare på bussbevegelsane i Bergen sentrum. Etter denne gjennomgangen kan det kan det verta aktuelt å gjera rutejusteringar.

Tom Skauge sette fram protokollmerknad.

SV meiner at det vil vera tenleg å prøva ut nokre ekspressruter mot vest som går frå bystasjonen gjennom Nygårdstunnelen.

Gustav Bahus stilte spørsmål om rutinar/reglar for opprydding etter utbyggjing av bybana. Peika på at det er viktig å oppretthalda eit godt omdøme etter at utbyggjinga er ferdig.

Gustav Bahus peika på at støyproblemet på Halhjem kai ikkje er løyst, og at støy som fylgja av at trafikken aukar også er eit aukande problem.

Gustav Bahus stilte spørsmål om den busslomma som fylkeskommunen forskotterte ved Horisont er teken i bruk.